

Mørenett

Nøytralitetsrapport 2021

1 Kontekst

Mørenett AS vart etablert 1. januar 2014 som fusjon mellom Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS.

Mørenett skilte ut konkurranseutsett verksemd (som gatelys, fiber, entreprenøraktivitet) i 2017, og er i dag eit reindyrka nettselskap som berre driv med monopolaktivitet.

Mørenett har heilt frå starten hatt stor fokus på at selskapet skal være ein nøytral, kompetent tilretteleggjar. Dette har vore lyfta fram som ein av de tre pilarane i «den røde tråden» vi har arbeidet etter:

- Nøytralitet
- Leveringskvalitet og robust nettdrift
- Økonomisk effektivitet

Eit av våre to overordna mål i dag er:

«Mørenett – framoverlent tilretteleggjar for ei grønarare framtid»

Strategiplan med tilhøyrande initiativ og måleparameter tar utgangspunkt i dette målet.

Mørenett er fristilt frå eigarselskapa på alle områder, som finansielt og for kjøp av administrative oppgåver.

Mørenett har hovudkontor i Dragsund i Herøy kommune og avdelingar i Ålesund, Valldal, Fiskå og Stryn.

Selskapet har distribusjonsnett i kommunane Volda, Ørsta, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Sula, Ålesund, Fjord, Giske og Stryn. Regionalnettet dekker i tillegg kommunane Vestnes, Sykkylven og Stranda. Frå 1. november 2021 fusjonerte Mørenett AS med Brenett AS i Stryn.

Mørenett eig og driv kraftnett med 3003 nettstasjonar, 25 transformatorstasjonar og 7300 km kraftnett. Vi har om lag 73 000 aktive målepunkt i distribusjonsnettet.

2 Eigarskap til Mørenett og eigarskap i andre selskap

Mørenett er eigd av Tafjord Kraft AS med 50,58% og Tussa Kraft AS med 49,32 %. Gjennom aksjonærvtale er vi eit felleskontrollert selskap.

Eigarskap i andre selskap:

Ren AS - 2,56%

Verksemd: Bransjeselskap, effektivisering, utviklar metodar og standardar mm.

Elsikkerhet Møre AS - 49%

Verksemd: Sakkyndig selskap, leverer tilsynstjenester til eigarane

3 Områder og aktivitet der det er viktig å sjå etter at krav til nøytralitet vert fylgt

Mørenett gjorde dei første åra etter 2014 mange store tiltak retta mot nøytralitet, på områder der nøytralitet er viktig, m.a.:

- Eige KIS-system berre for monopolkundane i eige selskap
- Eigen kundeservice i eigen organisasjon
- Fysisk utflytting frå konsernbygg og over i eigne baser/bygg

Vi har eigen kundeservice i eigen organisasjon for både merkantile (faktura, måling, leverandørbytte) og for tekniske spørsmål. Kundeservice handterer berre eigen monopolaktivitet. Vi er såleis heilt uavhengig av kundeservice i eigarselskap og annan kommersiell aktivitet.

Det er ingen personar som er tilsett i Mørenett som samtidig er tilsett i våre eigarselskap eller i selskap med kommersiell verksemd.

Stenging, nye kundar, gjennomfakturering og anna.

For nye nettkundar sender vi standardskriv med informasjon om kraftleverandørar i Mørenett sitt konsesjonsområde.

Vi har avtaler om gjennomfakturering med alle kraftselskap som ynskjer dette.

Inkasso er sett bort til Kreditor. Stenging vert utført berre ved manglande betaling av nettleige og leveringspliktig kraft frå Mørenett. Ved gjenopning krev ein berre uteståande beløp for nettleige og leveringspliktig kraft. Det er inngått eigen avtale som regulerar forholdet mellom Mørenett og Kreditor.

Mørenett har informasjon som næringsaktørar kan ynskje tilgang til. Mørenett etterlever kravet om at informasjon som kan gjerast tilgjengeleg for eksterne, skal gjerast tilgjengeleg for alle samtidig. Det er svært avgrensa kva informasjon dette gjeld.

Eksempel på informasjon vi legg ut på våre heimesider er informasjon om straumbrot. Her kan både media og kundar fylje med på status.

Mørenett kjøper nokre avgrensa administrative tenester frå eigarselskap til marknadsmessige vilkår, i tråd med regelverket i forskrift om kontroll av nettverksemd. Tenestene er støttetjenester innan IT-drift, økonomi og rekneskap, samt tenester knytt til dokumenthandtering og arkiv. Mørenett har eigne ansvarlege og kontrollarar på områda. Tilsette i eigarselskap som har tilgang til Mørenett sin informasjon gjennom sitt tenestlege behov er underlagt teieplikt.

4 Type informasjon i nettselskapet som kan utnyttast i marknaden og tiltak for å sikre slik informasjon

Marknadssensitive data i driftssentralen

Tekniske system på driftssentralen har tilgangsordning og tilgangskontroll slik at tenestemottakarar i andre nettselskap og kraftprodusentar berre har innsyn i sine egne tekniske anlegg for anleggsoversikt, driftsstatus, koblingsbilder og annan data.

Ingen utover personell med tenestleg behov i Mørenett har innsyn i planlagte revisjoner, koblingsbilder el.l. i nettet.

Ingen utover personell med tenestlig behov i Driftssentralen har kjennskap til produksjonsplan, planlagte revisjoner, etc. fra kraftprodusentene.

Mørenett sin driftssentral er lokalisert geografisk adskilt frå produsentane sine lokasjoner, og ingen frå produsentselskapa har adgang i sentralen. Det er rutinar og systemløyningar som sikrar at data og kunnskap om en produsent ikkje skal tilkomme andre.

Marknadssensitive data i kundeinformasjonssystem og måleverdisystem.

Mørenett har eige kundeinformasjonssystem (KIS), som omfattar berre monopolaktiviten i eige selskap. Berre tilsette med tenestleg behov har tilgang.

Nettselskapet er ansvarleg for alle måleverdiar for målepunkt i distribusjonsnettet vårt. Innsamling av måleverdiar er sett vekk til Embriq AS, men Mørenett har interne ansvarlege tilsette som fyljer opp kvaliteten.

Leverandørbytter vert handtert gjennom sentral datahub – Elhub. Mørenett oppfyller krav til marknadsprosessar frå Elhub.

5 Personar med fleire roller, der ei av rollene er i nettselskapet

Mørenett er eit felleskontrollert foretak som difor ikkje er definert som eit integrert foretak.

Styret i Mørenett har fylgjande aksjonærvalde styremedlemmer:

- Styreleiar Erik Espeset
- Nestleder Elling Dybdal
- Styremedlem Terje Søvikhagen
- Styremedlem Nina Melle Scharning

Tilsette sine representantar til Mørenett sitt styre er valt av, og blant dei tilsette.

Styreverv er underlagt teieplikt for den informasjonen dei tilsegner seg gjennom vervet.

Mørenett har hatt nøytralitet som eit av våre fokusområde heilt frå starten av. Det er god kunnskap og bevisstheit om temaet i styre og organisasjon.

Selskapet har styreinstruks som sikrar habilitet.

6 Nøytralitetsansvarleg sin uavhengighet

Mørenett har utpeika Peter Kirkebø som nøytralitetsansvarleg. Han er tilsett i Mørenett AS og god kompetanse om nøytralitetskrav med intensjonar. Han har tilgang til all nødvendig informasjon.

7 Nettselskapet si opplæring og kunnskap om nøytralitet

Mørenett har heilt frå starten hatt stor fokus på at selskapet skal vere ein nøytral, kompetent tilretteleggjar. Dette har vore lyfta fram som ein av dei tre pilarane i den raude tråden vi har arbeida etter heile vegen:

- Nøytralitet
- Leveringskvalitet og robust nettdrift
- Økonomisk effektivitet

I dag er det eit av våre 2 overordna mål at vi skal være ein framoverlent nøytral tilretteleggjar for ei grønnare framtid. Kunnskap og haldningar til nøytralitet er godt innarbeidd i heile organisasjonen, og er med oss i alt arbeid. Det blir stadig lyfta frem i interne anledningar, heile tida med mål om at nøytralitetskrav skal være godt innarbeidd i organisasjonen.

I tillegg er det laga eigne rutinar for divisjon Nettkunde, der ein spesifikt har nedfelt formuleringar rundt korleis ein skal opptre i forhold til nøytralitet. Alle tilsette i divisjonen har fått ekstra opplæring i forhold til regelverket og det er presisert og gjort kjent at dette skal vi følge.

8 Omfang av sal av overskotskapasitet, fibertenester, driftssentraltenester og beredskapstenester

Fiber

Mørenett eig fiber berre i eit svært avgrensa omfang, i det vesentlege som OPGW integrert med regionale kraftleidningar. Vi leiger ut dette til Global Connect, basert 20 års leigeavtale inngått i 1999, og med 10 års opsjon som er utløyst.

Utover dette eig ikkje Mørenett fiber. Fiber til eigne sambandsbehov vert leigd inn på marknadsmessige vilkår.

Beredskap

For å sikre eigen beredskap og for å hjelpe andre, er det inngått ulike beredskapsavtaler både om personell og materiell/utstyr. Utleige av slike tenester baserer seg på interne kapasitetsbehov for kompetanse og utstyr, og det er ikkje etablert kapasitet med sikte på å levere tenester til andre.

Eksempel på innleigde beredskapstenester:

- REN beredskap med m.a. sjøkabel og GIS-anlegg.
- Tungtransport
- Skogrydding
- Montasjetenester på 66- og 132 kV
- Montørbistand/-kapasitet

Driftssentraltenester

Mørenett utfører tekniske driftssentraltenester for nettselskap og kraftprodusentar. Tenestene baserer seg på overskotskapasitet på systemløyningar etablert med driftsformål i Mørenett. I det vesentlege er det snakk om SCADA- og DMS-system.

Til nettselskapa omfattar tenestene systemløyningar samt overordna vakt og beredskap utanom normal arbeidstid.

Til produsentane omfattar tenestene teknisk overvaking og drift av kraftproduksjonsanlegg. Driftssentralen overvaker anleggene teknisk gjennom Scada, og varslar operativt personale i produksjonsselskapa ved alarmer og driftsavvik. Produksjonen vert regulert og køyrt automatisk etter tildelt køyreplan i AGC i tilknytning til SCADA. Mørenett utfører ikkje kommersielle tenester som kraftpåmelding eller anna kommersiell aktivitet.

9 Driftssentraltenestene og tiltak for å sikre nøytralitet

Driftssentraltenestene er også omtalt i punkt 4 og 8.

Tenestene frå driftssentralen vert drive iht krav i Energilova § 4-6 og NEM § 4-16. Driftssentralen er eigd av Mørenett, som har kontroll med styring, innsyn og ansvar. Alle tenestene er av teknisk art, basert på inngåtte avtalar.

Horisontalt vert tenestene levert til andre distribusjonsnettselskap i vårt regionale nettområde. Tenestene og samordning bidreg samla sett til meir robust nettdrift og betre kundeservice i regionen.

Det er ingen utfordring mot nøytralitet i disse tenestene til horisontale nettselskap. Mørenett tilbyr andre nettselskap i regionen å komme inn på dei same tenestene på same vilkår. Det er ein ambisjon å utvide driftssentraltenestene på denne måten, til nettselskap.

Driftssentralen i Mørenett er sertifisert for ISO 9001 Kvalitet, og det er kompetanse stor fokus på nøytralitetskrav og -utfordringar. Berre personell i driftssentralen men tenestlig behov har tilgang til marknadssensitiv informasjon frå produsentane. Det vet ikkje utført arbeid retta mot kraftmarknaden eller med kommersielt innhald. Det er innarbeidd kompetanse, rutinar og systemløyningar som sikrar at data og marknadssensitiv informasjon ikkje kjem på avveie, og at vi etterleving av alle nøytralitetskrav.

10 Opplysning om klage-, tilsynssaker og andre saker knytt til nøytralitet dei føregåande år

Mørenett har sidan etableringa i 2014 ikkje registrert eller mottatt klager eller tilsynssaker som er knytt til nøytralitet.

03.08.2022
Peter Kirkebø
Nøytralitetsansvarlig